

KVIKK-tilskot

Kva og kor mykje kan du søkja om?

For born og ungdom i alderen 13-26 år som bur i Øygarden kommune. Både einskilde og grupper av born/ungdom kan søkja. KVIKK-tilskot er ei tilskotsordning knytt til Øygarden si satsing på aktive og kreative born og ungdommar. Målet med denne ordninga er å stimulera til aktivitetar som er retta mot ungdom i Øygarden. Ordninga er spesielt retta mot aktivitetar som vert drivne av ungdommane sjølve.

Her kan du enkelt søkja pengar til dine kulturprosjekt til dømes dans, musikk/instrument, graffiti, foto, design;

Opp start av kulturaktivitet / prosjekt
Innkjøp av utstyr og materiell.
Utvikling av kunst og kulturproduksjonar
Formidling av eigne kunst og kulturproduksjonar
Produksjonsstøtte til opne kulturarrangement

Maksimalt tilskot pr. søknad er sett til kr. 5 000,-. Det kan søkjast i perioden 1.1.-30.11 kvart år. Søkjaren kan få tilskot to gongar per kalenderår.

Krav:

Kvikktilskot skal knytast tydeleg til eit prosjekt. Døme: me gir ikkje pengar til gitar viss ikkje gitaren skal brukast i bandsamanheng, eller at søkjaren har meldt seg på eit gitarkurs.

Rapport skal sendast innan 3 månadar etter at pengane er utbetalt. Vi oppmodar til å sende rapport så kjapt som mogleg.

Du får tilbake melding på din søknad innan ei veke og pengane vil eventuelt vera på din konto innan to veker.

Ps; Øygarden kommune abonnerer på Tilskotsportalen som er ein søk bar katalog med nærmare 3000 tilskotsordningar. Alle som bur i kommunen får gratis tilgang til denne, her er midlar på til saman 10 milliardar kroner.

Delegert til Rådmann.